

Løpe-nr.	Oppslags-nr.	Namn i off. bruk / forslag	Vedtak	Namneobjekt	Merknader
1	271567	Barnesteinli / Barnasteinslii	Barnasteinslii	Li	<p>Uttale: /"badnastainsli:/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Høyringssvar</u>: Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Badnasteinsli.</p> <p><u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten Barnasteinslii, og skriv fylgjande:</p> <p>"Fylkesarkivet (nettsida Fylkesatlas): Barnasteinslii /"badnastainsli:/ Det er verdt å merkja seg at ein her har valt å nytta -lii som oppslagsform sjølv om etterlekken har den einstava forma /-li(:)/ i uttalen. I Aurland er det tidlegare gjennomført namnesak for namnet på ein støl i Låvisdalen og eit tilhøyrande (avleidd) namn på ei li. I arkivet er stølsnamnet registrert med uttaleforma /"aodnastø:d*/, og linamnet er registrert med uttalen /"aodnastølsli:/. Dei oppslagsformene som er valde på nettsida Fylkesatlas, er Ådnastølen og Ådnastølslii, og det var desse skrivemåtane som vart vedtekne i den nemnde saka. I dialekten er det tradisjonelt ikkje skilt mellom ubunden og bunden eintalsform av substantivet støl. Då ein i stølsnamnsaka valde å vedta skrivemåten med bunden form (-stølen), var det med tilvising til det at dei fleste namna i området har bunden form i den munnlege tradisjonen. I området rundt Ådnastølen er det registrert i alt ni namn som er avleidd av stølsnamnet, det vil seia namnet /"aodnastølsli:/ og åtte andre namn. Alle dei åtte namna er registrerte med bunden form i den nedarva lokale uttalen. Det er difor grunn til å tru at òg det niande namnet opphavleg har vore uttala med bunden form og at den siste vokalen (det vil seia hokjønnsartikkelen -i) seinare har vorte vekksliten. Når to likelydande (eller nærliggjande) vokalar kjem etter kvarandre, vil det lett kunna bli samandraging til éin vokal. Ei slik utvikling skjer ikkje minst i trykklette stavingar. (framh.)</p>

1	271567	Badnasteinsli		Li	<p><u>Tilråding (framh.):</u> Me syner elles det som står om namnet Kårdalslii / Kårdalsli nedom her. Det er ikkje tilrådeleg å la førelekken i det namnet me har føre oss i denne saka, bli skrive med -dn- i staden for -rn-. (Jf. med det me skriv nedom her om namnet Løhaugtjørni."</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket deler Språkrådet si vurdering. Det er i samsvar med det vanlege namnelagingsmønsteret i regionen at linamn har bunden form. Endinga /-li/ i området med i-ending i bunden form av sterke hokjønnsord må soleis reknast som utydeleg lydleg realisering av -lii (ordet li i bunden form), og ikkje som reell ubunden form. Som Språkrådet peikar på, ser ein det same fenomenet med samanfall i den lydlege realiseringa av ubunden og bunden form i ord som endar på støl /stø:d'l/ i Indre Sogn, der det òg er vanleg både i Sentralt stadnamnregister (SSR) og i Fylkesarkivet si namnesamling å normera namna i bunden form etter det vanlege mønsteret for bunden og ubunden form elles i stadnamn frå same område. Det er mest rimeleg å vidareføra den praksisen i dei namna det gjeld i denne saka òg, slik Språkrådet tilrår. Førelekken Barn- består av eit vanleg ord i norsk, og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn fastset at ålment kjende ord skal fylgja gjeldande rettskriving i norsk. Barnasteinslii vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.</p>

2	661652	Fulaviki / Fuglaviki	Fuglaviki	Vik i sjø	<p><u>Uttale:</u> Lokal kjentmann Ingvar Vikesland har opplyst uttalen /fug`lavi:ki/ på telefon med Kartverket. Han har reagert både på at skrivemåten (Fulaviki) og posisjonen til namnet tidlegare har vore feil.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Fuglaviki. Dei har fått innspel frå ein annan lokal kjentmann om at namnet har forma «Fulaviki», der -ful tyder -lun, men dei skriv at dei ikkje kan støtta forslaget eller tydinga.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fuglaviki, og skriv at det verkar sannsynleg at det er substantivet fugl m. som ligg til grunn for førelekken i namnet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket fester lit til uttaleopplysninga frå Ingvar Vikesland, som er godt kjend i området, og som i mange år har engasjert seg i stadnamn. Ordet fugl er òg vanleg i stadnamn i Indre Sogn, medan Ful- ikkje førekjem i nokon andre namn der. Me kan heller ikkje finna støtte for påstanden om at ordet ful tyder 'lun'. I Norsk Ordbok står derimot adjektivet ful oppført med m.a. tydinga 'barsk, hard' om vêrtilhøve, so det er eit spørsmål om ikkje tolkinga 'lun' av skriftforma Ful- i kart er ei forveksling med ordet smul, som kan tyda 'roleg, still (om sjø)'. Den eine konkrete uttaleopplysninga me har i saka tilseier uansett Fuglaviki som skrivemåte, jf. § 4 fyrste ledd i stadnamnlova: "Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk [...]".</p> <p>Fuglaviki vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

3	795154	Gravahalsen / Gravhalsen / Gravehalsen	Gravahalsen	Fjell	<p><u>Uttale:</u> /gravahalsən/ står som uttale i heradsregisteret frå 1940-åra. I Fylkesarkivet si namnesamling har det stått det /"gra:vehals*n/ som uttaleform, men det er nok feil, for tilhøyrande lydband har /"gra:vahals*n/ tydeleg innlese med a-fuge.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Gravahalsen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Gravahalsen, og skriv at dei tolkar det slik at den namneforma som namnenemnda fører opp, er i tråd med den nedervde, lokale uttalen, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p> <p><u>Vurdering:</u> I skriftlege kjelder er både Grava-, Grave- og Grav- vanlege skrivemåtar av førelekken i dette namnet. Gravahalsen gjev treff i 246 bøker på nb.no (Nasjonalbiblioteket), Gravehalsen gjev treff i 339 bøker, og Gravhalsen gjev treff i 240 bøker. Fordelinga er om lag lik for det avleidde tunnelnamnet, og skrifttradisjonen kan difor ikkje fungera nokon avgjerande faktor for kva skrivemåte som bør veljast. Gravahalsstunnelen har eige oppslag i Norsk stadnamnleksikon (1997) med denne skrivemåten, og der står det at førelekken i Gravahalsen er grav f. 'dyregrav', "da her er fleire slike." Etter systemet i målføret på både Aurlands-, Ulvik- og Vossa-sida må uttalen då vera med a-fuge: /gra:`va-/, sidan a-fuge er det vanlege der hokjønnsord står i samansetningar i sørvestlandske målføre. Uttalen /"gra:vehals*n/, som står i Fylkesarkivet, bryt soleis med systemet i målføret, men tilhøyrande lydband har tydeleg a-fuge, slik ein ville venta. Kartverket legg til grunn at det er a-fuge i dette namnet i nedervd, lokal uttale, slik oppskrifta i heradsregisteret òg tyder på. Den dominerande bruken av Gravahals- som skrivemåte i lokallitteraturen frå Aurland og Ulvik tyder òg på at uttalen er med -a-. Punkt 6 i dei utfyllande reglane fastset fylgjande: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Gravahalsen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
---	--------	--	--------------------	-------	---

4	735108	Gravhalstunnelen / Gravahalstunnelen	Gravahalstunnelen	Jernbanetunnel	<p><u>Uttale:</u> /gravahalstunnelən/ står som uttale i heradsregisteret frå 1940-åra. I Fylkesarkivet si namnesamling har det stått det /"gra:vehalstunel*n/ som uttaleform, men det er nok feil, for tilhøyrande lydband har /"gra:vahalstunel*n/ tydeleg innlese med a-fuge.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Gravahalstunnelen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Gravahalstunellen, og syner m.a. til sju tunnelnamn i Agder som har skrivemåten -tunellen/-tunell.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Gravahals- fylgjer av vedtaket på løpenr. 3. Det stemmer nok at det finst nokre tunnelnamn i Agder som har skrivemåten -tunellen i SSR, slik Språkrådet skriv, men dei aller fleste tunnelnamn i Noreg har skrivemåten -tunnelen, og det gjeld m.a. alle tunnelnamn i tidlegare Sogn og Fjordane, medrekna Aurland, og alle tunnelnamna på Bergensbanen. Aurland kommune ynskjer òg skrivemåten -tunnelen. Me finn det difor mest naturleg å vidareføra den normeringspraksisen som finst i området frå før, og som i all hovudsak er fylgd elles i norske tunnelnamn.</p> <p>Gravahalstunnelen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og lokal normeringspraksis.</p>
5	1089603	-	Håvaskar	Høgd	<p><u>Uttale:</u> /hao`aska:r/ vert opplyst av både Geir Ove Kvam og av Leif Turlid på telefon med Kartverket. Leif Turlid opplyser at dette ikkje er eit skard, men namn på ei høgd nordvest for Håaskarsnuten, og at ein ser ned til Glomsete derifrå. Det står ein varde kalla /hao`aska:rsva:r'n/ der.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå løpenr. 6 når det gjeld skrivemåten. Namnet har ikkje tidlegare vore i offentleg bruk, men vert formalisert i samband med denne saka.</p>

6	919070	Haugskardnut / Haugskarnut	Håvaskarsnuten	Fjell	<p><u>Uttale:</u> /haú'ská:rn^eu:t/, jf. heradsregisteret frå 1947. Leif Turlid opplyser uttalen /hao`aska:rsnu:t'n/ på telefon med Kartverket, og han presiserer at det heiter -nuten i bunden form, ikkje -nut.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Høiskarnuterne i rektangelmålinga frå 1866, Haugskarnt i ei gradteigsmåling frå 1934, Haoaskarnt i ei gradteigsmåling frå 1947 og på gradteigskartet frå 1949, Håvaskard-nt i gradteigskart frå 1962, 1964 og 1973, Haoaskarnt i Norge 1:50 000 frå 1952, Haugskarnut i Norge 1:50 000 frå 1982 og 1995.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at dei tilrår skrivemåten -skar- utan d i alle namnesaker på Vestlandet. Dei meiner det verkar tilrådeleg å fastsetja Haugskarnut som skrivemåte. Sidan dei ikkje har funne uttaleopplysningar, tykkjer dei likevel det er best å avgrensa vedtaket til berre å gjelda andrelekkjen i namnet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Det er rimeleg at namnelekkjen -skar- får ein skrivemåte utan d i samsvar med normeringspraksisen elles på Vestlandet, slik Språkrådet tilrår. Når det gjeld førelekkjen, ser det ut til at skrivemåten Haoaskarnt i m.a. gradteigskarta ligg nærmare uttalen enn uttaleopplysninga i heradsregisteret. Me har fått uttalen /hao`aska:rsnu:t'n/ munnleg stadfest av Leif Turlid, som er lokal grunneigar, og me tek utgangspunkt i den uttalen ved normering av namnet. Det er nærliggjande å tolka førelekkjen /hao:`a-/ som 'høge-', av den gamalnorske linne forma háva av adj. hár 'høg', jf. Håvamål, gno. Hávamál. Det er difor rimeleg å vidareføra skrifttradisjonen for Håva- med -v- i normeringa av dette namnet, noko som er ein god del brukt elles òg i normering av stadnamn i Vestland og Rogaland fylke. (Framh.)</p>
---	--------	-------------------------------	-----------------------	-------	--

6	919070	<i>Håvaskardnuten / Håvaskarsnuten / Håaskarnuten</i>		Fjell	<p>Vurdering (framh.): Leif Turlid nyttar fuge-s både i /hao`aska:rsnu:t'n/ og i vardenamnet /hao`aska:rsva:r'n/ i nærleiken, og det er difor grunnlag for å ha s-fuge i den normerte forma av namnet òg, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>Etterlekken bør tilsvarende få bunden form -nuten i samsvar med uttalen, jf. punkt 2 i dei utfyllande reglane: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen."</p> <p>Håvaskarsnuten vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 2 og 6 i dei utfyllande reglane. Haugskar(d)nut vert avslege som namneval.</p>

7	696222	Kjerrskredene / Kjerskredene	Kjerrskredene	Skredområde	<p><u>Uttale:</u> /kjerr' sskrædn/, jf. heradsregisteret frå 1940.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kjerskreidn i gradsmaalinga frå 1934 og i Norge 1:50 000 frå 1952, Kjerrskredene i økonomisk kartverk frå 1971. Namnet er òg skrive Kjerrskredene i Bergens Tidende frå 15.11.1972 og i Bygdanytt frå 15.05.2020.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at det ikkje er dokumentert at dette namnet er nytta i lokalmiljøet, og at namnet må reknast som eit fellesnamn for namna Heimsta og Fremsta Kjerrskreda. Dei meiner at Kartverket bør vurdere å stryke namnet i SSR. Dei tykkjer likevel at skrivemåten Kjerrskredene er tilrådeleg.</p> <p><u>Vurdering:</u> Namnet Kjerrskredene er relativt godt dokumentert, og Kartverket ser difor ikkje nokon grunn til å stryke dette namnet. Føremålsparagrafen i lov om stadnamn fastset at noko av føremålet med lova er å ta vare på språklege kulturminne, og terskelen bør difor vera høg for å ta or bruk stadnamn som i dag står i Sentralt stadnamnregister (SSR), og som har ein innarbeidd tradisjon. Førelekkjen i namnet kan vera kjer n. 'kar, kjerald; fiskereiskap i elv', eller ordet kjerr n. 'tett småskog; kratt'. Skrivemåten Kjerr- er mest brukt i dette og i andre avleidd namn i nyare tid. I § 1 fyrste ledd står det fylgjande: "Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, når ikkje anna følgjer av reglane nedanfor. Stadnamn som inneheld utdøydd eller uklare språkelement, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp." (framh.)</p>
---	--------	---------------------------------	----------------------	-------------	--

7	696222	<i>Kjerskreidn</i>		Skredområde	<p><u>Vurdering (framh.):</u> I dette tilfellet kan Kjer-/Kjerr- reknast som eit uklart språkelement, og då er det altså "gjeldande rettskrivingsprinsipp" som skal vera avgjerande for normeringa. Det er eit rettskrivingsprinsipp i norsk er at kort vokal vert etterfylgd av dobbelkonsonant. Førelekkjen i dette namnet har kort vokal, og det tilseier skrivemåten Kjerr-, slik Språkrådet og namnenemnda i kommunen òg går inn for. Ordet skrede f. er eit ålment kjent ord, og skrivemåten -skredene er i samsvar med gjeldande rettskriving i norsk.</p> <p>Kjerrskredene vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 1 og 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.</p>
8	1082596	<i>Heimsta Kjerrskreda</i>	Heimsta Kjerrskreda	Skredområde	<p><u>Uttale:</u> /"haimsta "Kerskr:ao/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Heimste Kjerrskreda.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Heimsta Kjerrskreda, og skriv at det er uttalemåten /"haimsta/ med utlydande a som er mest i pakt med det nedervde talemålet på Sørvestlandet. Dei syner til punkt 6 i dei utfyllande reglane, og peikar på at skrivemåtar som Heimsta, Fremsta, Insta, Øvsta og Nedsta er vedtekne i ein god del namnesaker i Ulvik herad, Voss herad og i kommunane i Indre Sogn, jf. t.d. Nedstagata, som Aurland kommune tidlegare har vedteke som adressenamn.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket deler Språkrådet si vurdering av skrivemåten Heimsta med -a, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Målføret i Aurland har endinga /-ao/ i bunden form av linne hokjønnsord slik som skrede, og uttaleforma /-skr:ao/ må difor normerast -skreda, jf. § 4 i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.</p> <p>Heimsta Kjerrskreda vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

9	878279	<i>Fremste Kjerrskreda / Fremsta Kjerrskreda</i>	Fremsta Kjerrskreda	Skredområde	<p><u>Uttale:</u> "fremsta 'Kerskr:ao/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Fremste Kjerrskreda.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Fremsta Kjerrskreda, jf. Heimsta Kjerrskreda.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 8.</p>
10	975785	<i>Kjerrskredfossen / Kjerrskredsfossen</i>	Kjerrskredfossen	Foss	<p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kjerrskredfossen, og samanliknar samansetningsmåten i -skred- med namneforma Bjørnaskredholten i Undredalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kjerrskredfossen er ein av dei høgste fossane i Noreg, og Kartverket ynskjer å få namnet formalisert for offentleg bruk. På nettet vert namnet delvis skrive Kjerrskredsfossen med fuge-s, men samansetningsmåten i andre namn avleidde av Kjerrskredene er utan fuge-s, og det er difor ikkje noko grunnlag for ein skrivemåte med -s-, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>Kjerrskredfossen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

11	372843	Kjerrskredkvelven / Kjerrskredbotn	Kjerrskredbotnen (hovudnamn) – Kjerrskredkvelven vert avsløge som namneval her	Botn (ovom Kjerrskred- fossen)	<p><u>Uttale:</u> Me har ikkje uttaleopplysningar for det usamansette namnet på botnen, men eit avleitt namn har uttalen /"øpste "Kerskrilbåt*n/ i Fylkesarkivet si namnesamling, og det er grunn til å rekna med at det usamansette namnet har den same uttalen av hovudlekken.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten -botnen i bunden form i namnet Kjerrskredbotnen. Dei syner til at dialekten har ikkje noko skilje mellom bunden og ubunden eintalsform av ordet botn (m.), men sidan dei fleste namna i området har bunden form i uttalen, ser dei det som rettast å lata namnelekken konsekvent verta skriven -botnen i bunden artikkel. Dei skriv vidare at dei ikkje har grunnlag for å tilrå noko anna enn at både Kjerrskredkvelven og Kjerrskredbotnen vert ståande i SSR, og at det er mogleg at baa namna vert brukte i lokalmiljøet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Språkrådet har rett i at baa namna vert nytta i lokalmiljøet, men om ulike stader. Originalkarta til stadnamnsamlinga hjå Fylkesarkivet syner at namnet (Øvste) Kjerrskredbotnen høyrer heime i botnen ovanfor Kjerrskredfossen, medan Kjerrskredkvelven er namn på den mindre og trongare boten der Kjerrskredfossen fell ned. Slik stod desse to namna òg i tidl. utgåver av høvesvis Norge 1:50 000 og i økonomisk kartverk, men ved ein feil vart dei på eit tidspunkt slegne i saman på eitt namneobjekt i Sentralt stadnamnregister (SSR). Me splittar no desse to namna opp att, og set kvart av namna der dei høyrer heime. Kartverket deler Språkrådet si vurdering av skrivemåten av etterlekken -botn(en), som bør skrivast -botnen i bunden form i samsvar med mønsteret elles i naturnamn i regionen.</p> <p>Kjerrskredbotnen vert fastsett som namn og skrivemåte på botnen ovom Kjerrskredfossen, medan Kjerrskredkvelven her vert avsløge som namneval, jf. § 3 og 4 i lov om stadnamn.</p>
----	--------	---------------------------------------	--	--------------------------------------	--

12	1089662	-	Kjerrskredkvelven	Botn (nedom Kjerrskredfossen)	<p><u>Uttale:</u> /'KerskrIkvelven/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at dei ikkje har grunnlag for å tilrå noko anna enn at både Kjerrskredkvelven og Kjerrskredbotnen vert ståande i SSR, og at det er mogleg at båe namna vert brukte i lokalmiljøet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Namnet Kjerrskredkvelven stod opphavleg i botnen nedom Kjerrskredfossen i økonomisk kartverk, men vart på eit tidspunkt slege saman med Kjerrskredbotn i SSR og vedteke som namn i staden for Kjerrskredbotn med plassering i botnen ovom Kjerrskredfossen. Men namnet høyrer berre heime i botnen nedom fossen, og me fastset difor Kjerrskredkvelven som namneform på staden der namnet har lokal tradisjon.</p> <p>Kjerrskredkvelven vert fastsett som namn og skrivemåte i samsvar med § 3 og 4 i lov om stadnamn.</p>
13	1089663	-	Kjerrskredvatnet	Tjørn	<p><u>Uttale:</u> /"Kerskrivatne/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Vurdering:</u> Namnet har ikkje stått i offentlege kart tidlegare, men Kartverket ynskjer å ta namnet i bruk i eit elles litt namnefattig område. Førekomsten i Fylkesarkivet si namnesamling syner at namnet har lokal tradisjon. Skrivemåten av førelekken fylgjer av løpenr. 7.</p> <p>Kjerrskredvatnet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
14	514512	<i>Kjærlighetsholmen / Kjærleiksholmen</i>	Kjærleiksholmen	Holme	<p><u>Uttale:</u> /"Ke:rlaikshålmen/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p>Skrifttradisjon: Kjærlighetsholmen i økonomisk kartverk frå 1971, Kjærleiksholmen i Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Kjærleiksholmen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kjærleiksholmen i samsvar med den registrerte uttaleforma.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kjærleiksholmen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Jf. òg løpenr. 15.</p>

15	(i matr.)	<i>Holmen</i>	Holmen	Bruk 41/16	<p><u>Høyringssvar:</u> Ingen.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Holmen i gamal grunnbok, i 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet har ingen merknader til skrivemåten Holmen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Dette er namn på bruket eller eigedomen som består av Kjærleiksholmen, jf. løpenr. 14. Holmen er venteleg det gamle namnet på holmen, medan Kjærleiksholmen/Kjærlighetsholmen kan vera eit nyare namn etter at turisttrafikken kom til staden med jarnbanen og Vatnahalsen Hotell. Holmen er innarbeidd som bruksnamn på 41/16, og i samband med denne namnesaka har det ikkje kome fram informasjon som tilseier endring av namnet. Holmen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med innarbeidd skrifttradisjon.</p>
16	297680	<i>Kråkaviki / Kråkeviki</i>	Kråkeviki	Vik i sjø	<p><u>Uttale:</u> /"krao:kevi:ki/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, /kraokævikj/ i heradsregisteret frå 1940.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kraakav^k i sjøkart frå 1947, 1960, 1974, 1987, 1998 og 2007, Kråkaviki i sjøkart frå 2009 og seinare.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Kråkeviki.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kråkeviki i samsvar med den registrerte uttaleforma.</p> <p><u>Vurdering:</u> Det må vera ordet kråke f. som ligg til grunn for førelekken i namnet og samansetningsmåten Kråka- høver ikkje med systemet for linne hokjønnsord i sognamål eller i andre norske dialektar. Aurlandsmålet får e-fuge (open e eller /æ/) i slike samansetningar, so kartforma Kråkaviki er openbert feil, noko lokal kjentmann Ingvar Vikesland tidlegare òg har stadfest munnleg på telefon med Kartverket. Punkt 6 i dei utfyllande reglane fastset fylgjande: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Kråkeviki vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

17	540702	Kråkavikneset / Kråkevikneset	Kråkevikneset	Nes i sjø	<p><u>Uttale:</u> /'krao:kevi:kne:se/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, /kraokøviknesə/ i heradsregisteret frå 1940.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Kråkevikneset.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kråkevikneset, jf. Kråkeviki.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 16.</p>
18	696030	Kårdalsli / Kårdalslii	Kårdalslii (gjeld skrivemåten -slii)	Li	<p><u>Uttale:</u> /'kao:rdalsli:/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Kårdalsli.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kårdalslii, jf. Barnasteinslii, og dei jamfører med dei to namna Kårdalsfossen og Kårdalshagen, som òg er avleidde av gardsnamnet Kårdal.</p> <p><u>Vurdering:</u> Som det går fram av Språkrådet si tilråding, får andre namn avleidde av Kårdal fuge-s i uttalen, og det same ser ein at gjeld uttalen av dette namnet. Då må namnet òg få ein skrivemåte med fuge-s, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Me syner til løpenr. 1 når det gjeld endinga -lii.</p> <p>Kårdalslii vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

19	1074373	<i>Liadalen</i>	<i>Liadalen</i>	Seter/støl	<p><u>Uttale:</u> /"li:ada:l*n/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Liadalen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Liadalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Stølen Liverdalen i Aurland bestod av to stølsbol, Åtnesdalen og Liadalen. Åtnesdalen høyrde til gardane Åtnes (gnr. 33) og Vikesland (gnr. 34), medan Liadalen høyrer til garden Li (gnr. 31). Etter oppdemminga kom både desse stølsbola under vatn, men Liadalen vart flytt høgare opp i lendet og bygt opp att ovanfor det gamle stølsbolet. Det er på den nye posisjonen namnet no vert formalisert for offentleg bruk. Tilsvarende som for Åtnesdalen er Liadalen eit namn avleitt av det tilhøyrande gardsnamnet, som her er Li. På sjølve garden har ein i dag det avleidde adressenamnet Liavegen og det avleidde naturnamnet Lialandet /"li:alande/. Som ein ville venta, er samansetningsmåten Lia- den same her i stølsnamnet. Punkt 6 i dei utfyllande reglane fastset følgjande: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>Liadalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

20	149561	<i>Løhaugtjødnet / Løhaugtjørni</i>	Løhaugtjørni	Tjern	<p><u>Uttale:</u> /'lø:heugKødni/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Løhaugtjødnet.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Løhaugtjørni, og skriv m.a. fylgjande: "Me har grunn til å rekna med at den uttaleforma som er førd opp på nettsida, er korrekt. I arkivet finst det til saman 33 aurlandsnamn som har bunden eintalsform av substantivet tjørn som hovudlekk, og i alle desse namna er hovudlekken registrert med uttalen /-Kødni/. [...] I Aurland er det tidlegare gjennomført namnesak for åtte namn som inneheld ei eller anna form av det aktuelle hokjønnsordet, og i alle dei åtte tilfella er skrivemåten tjørn (med rn) vedteken. (Jf. med den regelen i § 4 i stadnamnlova som seier at skrivemåten skal følgja dei gjeldande rettskrivingsprinsippa.)"</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket deler Språkrådet si vurdering. Ordet tjørn er tradisjonelt eit hokjønnsord i heile Sogn og Fjordane, medrekna Aurland, og det vert òg stadfest av Fylkesarkivet si namnesamling. Både endinga -et og skrivemåten -dn- ville bryta med det som elles er normeringspraksis i området.</p> <p>Løhaugtjørni vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.</p>

21	263569	Midjeelvi	Midjeelvi – vedtaket gjeld namnevalet og skrivemåten -elvi)	Elv (i Midjedalen, frå Midje til Løbrui)	<p><u>Uttale:</u> /"mIGeelvi/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, der namnet er plassert oppe i Midjedalen, litt sørvest for garden Midje. I heradsregisteret (1947) står /mɪdjælv^ei:/ som uttaleform.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland skriv at Løelvi er nedst i Vassbygdi. (Namnet Midjeelvi kommenterer dei ikkje.) Namna Midjeelvi og Løelvi er med i saka på grunn av eit innspel frå Arne Løland til Kartverket i 2016, der han skreiv at det ikkje er noko som heiter Midjeelvi, men at det namnet kom i anleggstida, og at elva heiter Løelvi. Han syner til at Løelvi er brukt som namn i ei jordskiftesak frå 2005.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår at båe namna vert ståande i SSR, og at dei bør ha skrivemåtane Løelvi og Midjeelvi. Dei skriv m.a. fylgjande: "På sida Fylkesatlas: Løelvi /'lø:elvi/ (På det tilhøyrande kartet er namnet plassert i elvefaret kring 200 meter ovom der det står Øyahagen på sida Norgeskart.) I merknadsfeltet på nettsida står det: "Elv, også Midjeelvi" (Inf.: Inge Olai Sønnerheim) [...] (Det namnenemnda skriv om at "Løelvi er nedst i Vassbygdi", kan tolkast slik at dei meiner at namnet Løelvi berre er nytta om den nedre delen av elva.) (Det er gardsnamnet Midje som ligg til grunn for førelekken i namnet Midjeelvi. I SSR er det Midje som er registrert som offisiell gardsnamnform. Det er registrert to avleidde namn i tillegg til namnet Midjeelvi. Det gjeld Midjedalen og Midjebakkane.)"</p> <p><u>Vurdering:</u> Anleggstida for kraftutbygginga i Aurland tok til i 1969. Midjeelvi er nemnd i bøker attende til 1935 og i aviser attende til 1915, so det kan ikkje stemma at namnet kom i samband med anleggstida. (framh.)</p>
----	--------	-----------	--	--	--

21	263569	<i>Løelvi</i>		Elv (i Midjedalen, frå Midje til Løbrui)	<p><u>Vurdering (framh.):</u> Namnet er nytta fleire gonger i bygdeboka Vassbygdi og fjellgardane (1988), m.a. på s. 110: "Midje ligg på ein framspringande mule der Nordølao og Furdølao møtest og renn saman i Midjeelvi, som renn ut i Vatnet (Vassbygdevatnet)." Midjeelvi har to oppføringar i Fylkesarkivet si samling over lokalinnsamla stadnamn i Aurland, éi i Midjedalen i den øvre delen av elva, og éi i den nedre delen, der ho renn mot vest. Sistnemnde oppføring har merknaden "Elv, også Løelvi". På same punktet har òg namnet Løelvi ei eiga oppføring, der med merknaden "Elv, også Midjeelvi". Ut frå Fylkesarkivet si namnesamling kan det altso sjå ut som Midjeelvi er nytta som einaste namn i den øvre delen, der elva renn gjennom Midjedalen, medan både Midjeelvi og Løelvi vert nytta om den nedre delen.</p> <p>Kartverket vurderer at baa namna har lokal tradisjon, og at det ikkje er noko grunnlag for å fjerna Midjeelvi som namn i offentleg bruk. Elva renn frå Midje gjennom Midjedalen, og det er heilt vanleg at elvar har namn etter garden dei renn frå eller forbi eller dalen dei renn gjennom. Basert på tilgjengelege kjelder ser det ut til å finnast ein solid tradisjon for namnet, og me vidarefører difor Midjeelvi som einaste namn på elva frå elvemotet for Furedøla og Kleåelvi og ned til Løbrui. (Sjå løpenr. 22 når det gjeld namnet på den nedste delen av elva.) Midjeelvi vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 4.1.2 i dei utfyllande reglane. Vedtaket gjeld namnevalet og skrivemåten av -elvi for elva frå elvemotet ved Midje og ned til Løbrui.</p>
----	--------	---------------	--	--	--

22	1089608	-	Løelvi	Elv (frå Løbrui til Aurlandselvi)	<p><u>Uttale:</u> /'lø:elvi/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, der namnet har merknaden "Elv, også Midjeelvi". Namnet Løelvi er der plassert nedom Midjedalen, der elva svingar mot vest i Vassbygdi, nær Fremsthagaløa og Nedsthagaløa. Ei anna oppføring i Fylkesarkivet på same punkt har uttalen /'miGeelvi/ og merknaden "Elv, også Løelvi".</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland skriv at Løelvi er nedst i Vassbygdi. (Namnet Midjeelvi kommenterer dei ikkje.)</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår at båe namna vert ståande i SSR, og at dei bør ha skrivemåtane Løelvi og Midjeelvi. Dei skriv m.a. fylgjande: "På sida Fylkesatlas: Løelvi /'lø:elvi/ (På det tilhøyrande kartet er namnet plassert i elvefaret kring 200 meter ovom der det står Øyahagen på sida Norgeskart.) I merknadsfeltet på nettsida står det: "Elv, også Midjeelvi" (Inf.: Inge Olai Sønnerheim) [...] (Det namnenemnda skriv om at "Løelvi er nedst i Vassbygdi", kan tolkast slik at dei meiner at namnet Løelvi berre er nytta om den nedre delen av elva.) (Det er gardsnamnet Midje som ligg til grunn for førelekken i namnet Midjeelvi. I SSR er det Midje som er registrert som offisiell gardsnamnform. Det er registrert to avleidde namn i tillegg til namnet Midjeelvi. Det gjeld Midjedalen og Midjebakkane.)"</p> <p><u>Vurdering:</u> I Fylkesarkivet står både Løelvi og Midjeelvi som namn på denne nedste delen av Midjeelvi/Løelvi, jf. løpenr. 21. Me reknar med at det vanlegaste namnet på denne delen av elva er Løelvi, som er det namnet Arne Løland har teke til orde for. (framh.)</p>
----	---------	---	---------------	-----------------------------------	--

22	1089608			Elv (frå Løbrui til Aurlandselvi)	<p><u>Vurdering (framh.):</u> I bygdeboka Vassbygdi og fjellgardane (1988) er Midjeelvi nytta om denne nedste delen òg: jf. s. 110: "Midje ligg på ein framspringande mule der Nordølao og Furdølao møtest og renn saman i Midjeelvi, som renn ut i Vatnet (Vassbygdevatnet)." Men denne beskrivinga er nok litt upresis, for denne elva renn ikkje ut i Vassbygdevatnet, men i Aurlandselvi, og det er Aurlandselvi som renn ut i vatnet ca. 500 m lenger nede.</p> <p>Kartverket ser ikkje noko i vegen for ein litt meir differensiert namnebruk i offentleg bruk enn i dag når det er lokal interesse for det, og det finst ein namnetradisjon som gjev grunnlag for det. Det er soleis grunnlag for å fastsetja Løelvi som namn på den nedste delen. Midjeelvi renn ut or Midjedalen om lag ved Løbrui, og me nyttar difor brua til skilje mellom dei to namna Midjeelvi og Løelvi, som soleis vil gjelda kvar si strekkje av denne elva.</p> <p>Løelvi vert fastsett som namn og skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 4.1.2 i dei utfyllande reglane. Vedtaket gjeld namnevalet og skrivemåten av namnet på elva frå Løbrui og ned til Aurlandselvi.</p>

23	735104	<i>Moldåna / Moldåi / Moldå / Moldåni</i>	Molda / Moldo (hovudnamn) – <i>Moldå(n)i / Moldå(na)</i> vert avslege som namneval	Elv (ligg òg i Ulvik herad)	<p><u>Uttale:</u> Leiv Heggstad fører opp Moldo som uttalenær namneform frå Ulvik på s. 299 i boka Ulvik i fortid og nutid – en bygdebok 2. I Ulvik sogelag si namnesamling står Mòldo som uttaleform i to oppføringar. Namnegranskar Botolv Helleland opplyser i eit e-brev til Ulvik herad frå 2005 at elvenamnet i stadnamnarkivet frå 1940-talet er notert med uttalen /"mål-do/. I heradsregisteret for Aurland står /møldao/ som uttale saman med fylgjande merknad: "Den kjem frå Moldedalen, og kallast det heile vegen." Fylkesarkivet har oppføringa Molda og uttalen /"måldao/ frå Aurland.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Molda. I eit brev frå Ulvik sogelag står det at det som står som Moldåni i kart, konsekvent vert skrivne som Moldo av gamle kjentfolk, t.d. (Leiv) Heggstad og (Olav H.) Hauge. Ulvik herad har ikkje uttalt seg i saka, men spørsmålet om skrivemåten av dette elvenamnet var òg oppe i 2005/2006, og formannskapet i heradet gjekk då inn for Moldo. (Den gongen gjekk Aurland kommune inn for Moldåi.)</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Molda, og syner til ynsket frå namnenemnda i kommunen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Namnet har uttalen /mål`dao/ i Aurland, og sidan dette er namn på ei elv eller ei å, er det nærliggjande å gjera den feilslutninga at endinga -ao består av ordet å f. 'mindre elv'. Men som uttalen /mål`do/ på Ulvik-sida syner tydelegare, er dette ei linn hokjønnsending i bunden form eintal. I Ulvik vil t.d. hokjønnsordet veke verta bøygt /ai ve:ka - ve:ko/, medan det heiter /ai ve:ka - ve:kao/ i Aurland. Namneformer som Moldå, Moldåi, Moldåni og Moldåna må reknast som feiltolkingar av den grammatiske endinga i Aurland, og ikkje som uttrykk for ein genuin namnetradisjon med namneleken å. (framh.)</p>
----	--------	---	---	--	---

23	735104	<i>Moldo / Molda</i>		Elv (ligg òg i Ulvik herad)	<p><u>Vurdering (framh.):</u> Fråværet av desse namneformene i namnesamlingar, og den minimale bruken av slike namneformer i skrift utanom i kart, tyder òg på at namneformer som -åi, -åni og -åna er utan ein genuin talemålstradisjon.</p> <p>For usamansette elvenamn er det normeringspraksis for endinga -o i samsvar med uttalen i gamle Hordaland, medan det er normeringspraksis for å normera endinga -ao som -a i slike namn i Indre Sogn. For dette namnet er det ikkje noko godt alternativ å bruka -o i Aurland eller -a i Ulvik, og i denne saka synest det difor best å vedta to ulike skrivemåtar, slik § 4 fjerde ledd i stadnamnlova opnar for når lokaliteten ligg i eit dialektalt grenseområde. Kartverket får då høve til å bruka skrivemåten <i>Molda</i> i kart over Aurland, og <i>Moldo</i> i kart over Ulvik, slik at båe kommunar får den skrivemåten dei ynskjer, og som er best i tråd med talemålet.</p> <p><i>Molda</i> og <i>Moldo</i> vert fastsette som skrivemåtar i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. <i>Moldå(na)/Moldå(n)i</i> vert avselege som namneval.</p>
----	--------	--------------------------	--	-------------------------------------	---

24	68093	<i>Moldådalen / Moldalen / Moldedalen</i>	Moldedalen	Dal (ligg òg i Ulvik herad	<p><u>Uttale:</u> Leiv Heggstad fører opp Mòldedalen som uttalenær namneform frå Ulvik på s. 299 i boka Ulvik i fortid og nutid – en bygdebok 2. I Ulvik sogelag si namnesamling står Mòldodal'n som uttaleform i to oppføringar (normert: Moldodalen), men i kartløyisinga for dei same namna står det Moldedalen. Namnegranskar Botolv Helleland opplyser i eit e-brev til Ulvik herad frå 2005 uttalen /"måldedal'n/. I heradsregisteret for Aurland står /møldədälən/ som uttaleform.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Moldedalen. I eit brev frå Ulvik sogelag står det at namnet konsekvent vert skrive som Moldedalen av gamle kjentfolk, t.d. (Leiv) Heggstad og (Olav H.) Hauge. Ulvik herad har ikkje uttalt seg i saka, men spørsmålet om skrivemåten av dette elvenamnet var òg oppe i 2005/2006, og formannskapet i heradet gjekk då inn for Moldedalen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Moldedalen. Dei skriv at elvenamnet Molda er bunden eintalsform av eit svakt hokjønnsord, og at det gjev e-fuge framom ein tillagd etterlekk.</p> <p><u>Vurdering:</u> I stor grad har Moldådalen vore brukt i kart, og det fylgjer venteleg av den mistydinga av namneforma Molda /mol`dao/ som me har omtalt på løpenr. 23. På Ulvik-sida har motsvarande Moldodalen dels vore brukt, men den namneforma bryt openbert med systemet i målføret, som ikkje kan ha bunden form i namnelekkar som står som førelekk i samansette namn. Høyringsvara frå både Ulvik og Aurland går inn for Moldedalen, som samsvarar med systemet for samansetning med linne hokjønnsord, og som er i tråd med uttaleopplysningar frå dei to kommunane. Punkt 6 i dei utfyllande reglane fastset fylgjande: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Moldedalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

25	737479	<i>Nåli / Nålii</i>	Nålii	Seter/støl	<p><u>Uttale:</u> /nao'li/, jf. heradsregisteret (1940), /'nao:li/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. Der står òg dei to avleidde namna Nålistølen /'nao:listød*l/ og Nåliøynane /'nao:li:ây:nad*n/.</p> <p><u>Høyeringssvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Nåli.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nålii, jf. Barnasteinslii og Kårdalslii.</p> <p><u>Vurdering:</u> Dei avleidde namna Nålistølen og Nåliøynane i Fylkesarkivet si namnesamling syner at dette namnet består av ei samansetning med ordet li f. 'skrånande utmark', og ikkje bunden form av ordet nål. Namnet bør då fylgja same mønsteret for normering som andre li-namn, slik Språkrådet tilrår, jf. løpenr. 1 og 18.</p> <p>Nålii vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
26	545681	<i>Nålitunnelen</i>	Nålitunnelen	Tunnel	<p><u>Høyeringssvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Nålitunnelen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nålitunnelen, og syner til det dei har skrive om Gravahalstunnelen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Nålitunnelen vert fastsett som skrivemåte, jf. løpenr. 25 og 4.</p>
27	985784	<i>Stretadalen</i>	Stretadalen	Dal	<p><u>Uttale:</u> Ingen opplysningar, men jf. løpenr. 28.</p> <p><u>Høyeringssvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Stretadalen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Stretadalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten er uproblematisk, og namnet er ynskt lokalt.</p> <p>Stretadalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>

28	251067	<i>Stretadalshøgdi</i>	Stretadalshøgdi (hovudnamn)	Ås	<p><u>Uttale:</u> /stretadalshøgdə/, jf. heradsregisteret frå 1940-åra.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Stretadalshøgdi.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Stretadalshøgdi.</p> <p><u>Vurdering:</u> Stretadals-, jf. løpenr. 27, -høgdi med i-ending, jf. punkt 4.1.2 i dei utfyllande reglane. Undernamnet Grånosi vert vidareført uhandsama. Grånosi er òg brukt som namn på høgd 1361 moh., som ligg 2,7 km lenger sørvest. For å ha ein mest mogleg eintydig namnebruk i kartet, vidarefører me Stretadalshøgdi som hovudnamn.</p>
29	115114	<i>Systrane / Søstrene / Systrene</i>	Systrene	Bekk (i Nærøy- fjorden)	<p><u>Uttale:</u> /"sYstredn/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, der namnet har merknaden "Namn på fleire grøver."</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Systrene.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Systrene.</p> <p><u>Vurdering:</u> Systrene vert fastsett som skrivemåte i samsvar med gjeldande rettskriving, jf. § 4 i lov om stadnamn og § 1 fyrste ledd i forskrift om stadnamn.</p>
30	615814	<i>Systraskaret / Systraskardet</i>	Systraskaret	Skar (i Nærøy- fjorden)	<p><u>Uttale:</u> /systraskarə/, jf. heradsregisteret (1940).</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Systraskaret.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Systraskaret, og syner til at dei har tilrådt skrivemåten -skar- utan d i alle namnesaker på Vestlandet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Systra- jf. løpenr. 29, -skaret, jf. løpenr. 6.</p>
31	311195	<i>Søstrene / Systrene</i>	Systrene	Fjell (i Aurlands- fjorden)	<p><u>Uttale:</u> /'sYstredn/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Systrene.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Systrene.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 29.</p>

32	878842	<i>Søstragrovi</i>	Insta Systragrovi (hovudnamn) Systragrovi (undernamn)	Bekk (i Aurlandsfjorden)	<p><u>Uttale:</u> /"insta "sYstragro:i/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Søstragrovi i økonomisk kartverk frå 1971, Insta Systragrovi i Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Systragrovi.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Insta Systragrovi, Insta med -a, jf. Heimsta Kjerrskreda.</p> <p><u>Vurdering:</u> I Fylkesarkivet si namnesamling står både Insta Systragrovi og Ytsta Systragrovi som namn, og Systrene står som namn ein stad mellom dei. Det er difor grunn til å rekna med at Systrene i fleirtal ialfall opphavleg var kollektivnamn på dei to bekkjene eller grøvene på tilsvarande vis som løpenr. 29. Ettersom "Insta" tydelegvis er brukt som ein del av namnet lokalt, er det grunnlag for å formalisera namneforma Insta Systragrovi på den søraustlegaste av dei to bekkjene, slik Språkrådet tilrår. Retningsordet får skrivemåten Insta med -a i samsvar med punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>Det kan ikkje vera nokon tvil om at Insta Systragrovi er den klart største av dei to bekkjene, og i ein større namnekrins har nok Systragrovi òg vorte nytta usamansett som namn, slik det har vore brukt i økonomisk kartverk. Basert på det er det òg grunnlag for å vidareføra den usamansette forma av namnet. Insta Systragrovi vert fastsett som skrivemåte av hovudnamnet, medan Systragrovi vert fastsett som skrivemåte av undernamnet, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
33	1089677	-	Ytsta Systragrovi	Bekk (i Aurlandsfjorden)	<p><u>Uttale:</u> /"ysta "sYstragro:i/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Vurdering:</u> Ettersom Insta Systragrovi vert formalisert som namn for offentlig bruk, er det naturleg å gjera det same med Ytsta Systragrovi. Sjå løpenr. 32 når det gjeld vurdering av skrivemåten.</p>

34	817541	Tyskaslette / Tyskaslættet	Tyskaslættet	Slette	<p><u>Uttale:</u> /"tyskaslete/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, der namnet har merknaden "Gamalt slette, gras."</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland ynskjer skrivemåten Tyskaslette.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Tyskaslættet. Dei skriv at etterlekken venteleg er bunden eintalsform av eit inkjekjønnsord med forma slætte, som er synonymt med hokjønnsordet slætte, og som har tydinga 'teig der ein slår gras'.</p> <p><u>Vurdering:</u> Det er eit heilt klart mønster i naturnamn i Aurland og elles i landet at slike samansette naturnamn får bunden form, og det same må vera tilfellet her. Endinga -e i uttalen syner at me har med eit inkjekjønnsord å gjera i etterlekken, ikkje hokjønnsorda slett (-i) eller slette (-ao), og då må endinga verta -et i bunden form. Ordet slætte n. 'slåtte' har skrivemåten med æ som einaste rettskrivingsform. Ein skrivemåte -slette ville gjera at namnet kunne forvekslast med hokjønnsordet slette 'flatt landområde', og kjem soleis i strid med § 1 fyrste ledd i stadnamnlova, som fastset at skrivemåten ikkje skal skyggja for meiningsinnhaldet i namnet.</p> <p>Tyskaslættet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 1 og 4 i lov om stadnamn.</p>

35	735002	<i>Uppsete / Upsete</i>	Uppsete – i samansetningar: Uppsete-	Seter/støl	<p><u>Uttale</u>: Leiv Heggstad fører opp Uppsete som uttalenær namneform frå Ulvik på s. 326 i boka Ulvik i fortid og nutid – en bygdebok 2 frå 1925, og på s. 237 skriv O. Olafsen fylgjande: "Bygdeuttalen og nyere skrivemaate i bygden er Uppsete." I heradsregisteret står /ūpp'setə/ (!) som uttaleform, medan Fylkesarkivet si namnesamling fører opp uttalen /"Upse:te/.</p> <p><u>Skrifttradisjon</u>: Uppsete i gradteigskart frå 1940, 1954, 1960, 1964 og 1973, og i Norge 1:50 000 frå 1952, 1982, 1995, 1999 og 2010.</p> <p><u>Høyringsvar</u>: Ingrid Sandnes skriv at dei brukar Upsete Fjellstove som namn på fjellstova. Ho opplyser at Opset Hotel brann ned januar 1931, og i 1938/39 åpnet Upsete Fjellstove, som vart bygd på branntomta. Ho legg til at skiltet på stasjonen har Upsete stasjon og at velet i dalen skriv seg som Upsetedalen vel. Upsetedalen vel ved leiar Ola Nafstad skriv at det er ein viss variasjon mellom éin og to p-ar i skrivemåten av namnet. Tidlegare vart Opset brukt som skrivemåte, men jernbanestasjonen bytte skrivemåte til Upsete i 1921. For nokre år sidan fekk Uppsetevegen ein skrivemåte med to p-ar. Upsetedalen vel går inn for at namnet skal skrivast Upsete, og at avleidde namn skal behalda den siste e-en, dvs. Upsetedalen, Upseteeggi og Upsetevegen, slik at skrivemåten vert konsistent og reflekterer vanleg tale, skrift og aktiv bruk, tek vare på namnet som språkleg kulturminne, gjev det ei skriftform som er praktisk og ikkje endrar meiningsinnhaldet i namnet. Namnenemnda i Aurland gjekk fyrst inn for Uppsete, men etter innspel frå ein grunneigar og ei velforeining som går inn for Upsete med éin p, går dei i staden inn for Upsete.</p>
----	--------	-------------------------	--	------------	---

35	735002	Oppsete / Opset		Seter/støl	<p><u>Tilråding:</u> Språkrådet meiner at det å ta omsyn til meiningsinnholdet i namnet er eit springande punkt i denne saka. Dei skriv at det ikkje kan vera tvil om at namnet vert uttalt med kort vokal i fyrste stavinga, og at det visseleg er adverbet opp/upp som ligg til grunn for førelekken i namnet. Namnet må soleis tyda 'den stølen som ligg høgst oppe'. Dei tilrår difor Uppsete som offisiell skrivemåte, og syner til at punkt 3.8 i dei utfyllande reglane gjev heimel for å lata førelekken verta skriven med u.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket deler Språkrådet sitt syn om at det må vera adverbet upp/opp av gamalnorsk upp som ligg til grunn for førelekken i namnet. Ein skrivemåte Opp- med O ville ha vore best i samsvar med rettskrivinga i dag, men det har i liten grad skrifttradisjon, og det er difor ikkje aktuelt å fullnormera namnet til Oppsete. Uttalen er /ùpp-/ med open u i både Aurland og Ulvik, og som Språkrådet er inne på, opnar punkt 3.8 i dei utfyllande reglane då for Upp- som skrivemåte: "Når dialektar har bevart gammalnorske trekk som elles har falle bort i norsk, [...]kan det visast i skrivemåten." Både Uppsete og Upsete er mykje brukte skrivemåtar, sistnemnde serleg fordi stasjonsnamnet har vore skriva Upsete. Men denne skrivemåten er i strid med gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, som seier at dobbeltkonsonant òg vert halden i samansetningar. Det er i grunnen påfallande at NSB valde skrivemåten Upsete med éin p då dei fornorska stasjonsnamnet i 1921, for upp var då rettskrivingsforma i nynorsk. Sidan den fyrste utgåva av gradteigskart kom, har Uppsete(-) heile tida vore i offentleg bruk som namneform for stølsnamnet og andre avleidde naturnamn. Skrivemåten Uppsete- må seiast å få meiningsinnhaldet tydelegast fram, jf. § 1 i lova. (framh.)</p>
----	--------	-----------------	--	------------	--

35	735002	<i>Opsæter</i>		Seter/støl	<p><u>Vurdering (framh.)</u>: Når skrivemåten Uppsete er godt innarbeidd, og denne skrivemåten elles er best i samsvar med norske rettskrivingsprinsipp og regelverket for normering av stadnamn, synest det klart at det er den skrivemåten som bør vidareførast i offentleg bruk. I samansetningar er det til gjengjeld rom for å stetta dei lokale ynska om samansetningsmåten Uppsete-med -e- i alle avleidde namn. Uttalen av namnet Uppseteskori /"Upse:teskå:ri/ i Fylkesarkivet si namnesamling syner at e-en ikkje fell bort i uttalen i avleiingar, og det gjev grunnlag for å endra t.d. skrivemåten Uppsetdalen til Uppsetedalen med e-, slik høyringssvara gjev uttrykk for, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Uppsete vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 3.8 i dei utfyllande reglane. Namnet får skrivemåten Uppsete- i samansetningar, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
36	(i matr.)	<i>Uppsete</i>	<i>Uppsete</i>	Bruk 49/10	<p><u>Skrifttradisjon</u>: Uppsete i gamal grunnbok frå ca. 1935, i 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel. <u>Vurdering</u>: Jf. løpenr. 35.</p>

37	(i matr.)	Uppsete / Solvang	Solvang (hovudnamn) – Uppsete vert avslege som namneval	Bruk 49/11	<p><u>Skrifttradisjon</u>: Solvang i skylddelingsforretninga frå 1926, i gamal grunnbok frå ca. 1930 og i 1950-matrikkelen, Uppsete i gjeldande matrikkel.</p> <p><u>Høyringsvar</u>: Ingen.</p> <p><u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår at anten Uppsete eller Solvang vert nytta som offisielt bruksnamn. Dei meiner at avgjerda bør skje i samråd med grunneigaren, men dei har ikkje forhøyrert seg med han.</p> <p><u>Vurdering</u>: Det er to stølsbol på Uppsete, Stora Uppsete og Vetla Uppsete. Stora Uppsete har alltid lege under Aurland, men Vetla Uppsete låg tidlegare delvis i Ulvik, og nokre av dei som hadde stølsrett der var frå garden Lekve (gnr. 49) i Ulvik. Det vart grensetvist mellom Aurland og Ulvik om kvar grensa skulle gå, jf. tidsskr. Kjelda (2004, nr. 1), og det vart på eit tidspunkt avgjort at Ulvik sin del av Vetla Uppsete skulle overførast til Aurland. Den overførde eigedomen var matrikulert som gnr. 49 bnr. 11 "Opsæter lille" i Ulvik. Då eigedomen vart overført til Aurland, fekk han gnr. 49 (Brekke) og bnr. 56 (sjå løpenr. 39). Det ser ut til at det har vore ei samanblanding i namnebruken mellom den overførde eigedomen på Uppsete og den gamle bruk 49/11 i Aurland, for det siste er ein bustadeigedom på innmarka til Brekke som ikkje har noko med Uppsete å gjera. Den eigedomen har heitt Solvang sidan han vart skild ut frå hovudbruket i 1926, og det er nok fyrst i seinare tid namnet Uppsete med ein feil har vorte ført her. Solvang har ein uproblematisk skrivemåte, og kan vedtakast med denne skrivemåten, medan Uppsete bør fjernast som namn på eigedomen sidan namnet er utan historisk grunnlag på denne staden.</p> <p>Solvang vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Uppsete vert avslege som namneval.</p>
----	-----------	-------------------	---	------------	---

38	603096	<i>Vetle Uppsete / Vetla Uppsete / Vetla Upsete</i>	Vetla Uppsete	Seter/støl	<p><u>Uttale:</u> Leiv Heggstad fører opp Vetlauppsete "ved sida av Stora-Uppsete" som uttalenær namneform frå Ulvik på s. 328 i boka Ulvik i fortid og nutid – en bygdebok 2. Namneformene Vetla Uppsete i boka Stølar i Ulvik og Vetla-Upsete i Aurland bygdebok 1 er òg truleg rimeleg uttalenære. Fylkesarkivet fører opp uttalen /"vetleUpse:te/ i si namnesamling, medan Oluf Rygh fører opp /ve`ttle ó`ppsæte/ på bruk 49/11 i Ulvik (no: 49/56 i Aurland) i bokverket Norske Gaardnavne.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland gjekk fyrst inn for Vetla Uppsete, men etter innspel frå ein grunneigar og ei velforeining som går inn for Upsete med éin p, går dei i staden inn for Upsete.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vetla Uppsete, og syner til punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Dette er det eine av to stølsbol på Uppsete, Vetla Uppsete og Stora Uppsete. Skrivemåten av Uppsete fylgjer av løpenr. 35. Lokallitteraturen frå både Ulvik og Aurland har i stor grad Vetla som skrivemåte av variasjonstillegget her, og Stora i det motsvarande Stora Uppsete. Etterlekken -sete kjem av gamalnorsk setr n. 'seter, støl', og linne adjektiv føre inkjekjønnsord får a-ending både i aurlandsmålet og i ulvikmålet. Endinga -a er difor den ein skulle venta her, jf. namn som Gamlasete, Langasete og Nyasete andre stader i Vestland fylke. Me legg difor til grunn at tradisjonell, lokal uttale er /vèt`la/ med -a både i Aurland og Ulvik. Variasjonstillegget får difor skrivemåten Vetla med -a i samsvar med punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>Vetla Uppsete vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
39	(i matr.)	<i>Lille Opsæter</i>	Vetla Uppsete	Bruk 49/56	<p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vetla Uppsete.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 38. (Dette er den delen av Vetla Uppsete som vart overført frå Ulvik til Aurland i 1961, jf. løpenr. 37.)</p>

40	1089572	-	Stora Uppsete	Seter/støl	<p><u>Uttale:</u> Stora Opsete i ei namnesamling frå Ulvik og Stora-Upsete i Aurland bygdebok 1 er venteleg uttalenære namneformer.</p> <p><u>Vurdering:</u> Dette er namnet på det andre stølsbolet på Uppsete, jf. Vetla Uppsete, men Stora Uppsete har ikkje stått oppført i kart dei seinare tiåra. Stølsbolet låg opphavleg der Uppsete stasjon ligg i dag, men vart flytt sørvest til Uppsetehaugen/Stølshaugen då jarnbanen kom. Dei same vurderingane som for Vetle/Vetla i Vetla Uppsete gjer seg gjeldande her når det gjeld skrivemåten Store/Stora, sjå løpenr. 38.</p> <p>Stora Uppsete vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn, jf. løpenr. 35 og 38.</p>
41	145023	<i>Upsete stasjon / Uppsete stasjon</i>	Uppsete stasjon	Stasjon	<p><u>Uttale:</u> /"Upse:te/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Opset fram til 1921, Upsete frå 1921, Uppsete stasjon i 1994, då stasjonen vart skild ut som eige bruk 49/79 (løpenr. 42).</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland gjekk fyrst inn for Uppsete stasjon, men etter innspel frå ein grunneigar og ei velforeining som går inn for Upsete med éin p, går dei i staden inn for Upsete stasjon.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Uppsete stasjon.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 35.</p>
42	(i matr.)	<i>Uppsete stasjon</i>	Uppsete stasjon	Bruk 49/79	<p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Uppsete stasjon.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 35 og 41.</p>

43	251456	<i>Uppsetteeggi / Uppseteggi</i>	Uppsetteeggi	Rygg	<p><u>Uttale:</u> /upp`setejji/, jf. heradsregisteret frå 1940. Fylkesarkivet si namnesamling fører opp uttalen /"UpseteGi/.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Upsetedalen vel går inn for at namn avleide av Upsete skal behalda den siste e-en, dvs. Uppsetteeggi. Namnenemnda i Aurland gjekk fyrst inn for Uppsetteeggi, men etter innspel frå ein grunneigar og ei velforeining som går inn for Upsete med éin p, går dei i staden inn for Upsetteeggi.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Uppsetteeggi, og syner til at bruk av e-fuge er støtta av namnenemnda.</p> <p><u>Vurdering:</u> Båe uttaleopplysningane her tyder på elisjon (vokalbortfall) føre -eggi, men sidan det er ynske lokalt om Uppsete- i alle namn, medrekna Uppsetteeggi, er det rom for å koma dei i møte ut frå omsynet til konsekvens, noko Språkrådet òg tilrår.</p> <p>Uppsetteeggi vert fastsett som skrivemåte i samsvar med lokale ynske og § 4 i lov om stadnamn, jf. løpenr. 35.</p>
44	856113	<i>Uppsetdalen / Uppsetedalen</i>	Uppsetedalen	Dal (ligg òg i Ulvik herad)	<p><u>Uttale:</u> Opsetedalen, som står oppført i ei namnesamling frå Ulvik, er venteleg ei uttalenær namneform.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Upsetedalen vel går inn for at namn avleide av Upsete skal behalda den siste e-en, dvs. Upsetedalen. Namnenemnda i Aurland gjekk fyrst inn for Uppsetedalen, men etter innspel frå ein grunneigar og ei velforeining som går inn for Upsete med éin p, går dei i staden inn for Upsetedalen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Uppsetedalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 35.</p>
45	1082688	<i>Uppsetetunnelen / Upsetetunnelen</i>	Uppsetetunnelen	Jernbane-tunnel	<p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Aurland gjekk fyrst inn for Uppsetetunnelen, men etter innspel frå ein grunneigar og ei velforeining som går inn for Upsete med éin p, går dei i staden inn for Upsetetunnelen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Uppsetetunellen, og syner til tilrådingane om Gravahalstunellen og Nålitunellen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 35 og 4.</p>

46	545843	<i>Uppsetevegen</i>		Adressenamn (i Ulvik herad)	Ulvik herad er vedtaksmynde <u>Høyringsvar</u> : Upsetedalen vel går inn for at namn avleidde av Upsete skal behalda den siste e-en, dvs. Upsetevegen. Namnenemnda i Aurland gjekk fyrst inn for Uppsetevegen, men etter innspel frå ein grunneigar og ei velforeining som går inn for Upsete med éin p, går dei i staden inn for Upsetevegen. <u>Tilråding</u> : Språkrådet held fast på tilrådinga dei har gjeve til Ulvik herad tidlegare om å nytta Uppsetevegen som offisiell namneform.
----	--------	---------------------	--	-------------------------------------	--